



Saksbehandlar: Ole Ingar Hagen Hæreid, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 16/2313-1

## **Stad skipstunnel - mogleg hurtigbåtsamband**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Fylkeskommunen vil på eit seinare tidspunkt ta stilling til ev. etablering av nye hurtigbåtsamband som følge av realisering av Stad skipstunnel.

Vedlegg:

Samferdselsdepartementet, brev av 18.02.15: Forprosjekt Stad skipstunnel

Andre dokument som ikkje ligg ved:

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Grunnen for at saka er fremja

Fylkestinget i Sogn og Fjordane har prioritert skipstunnelen gjennom fleire høyringsfråsegner. Stad skipstunnel vil vere eit svært viktig prosjekt for kyst-Norge.

Vind-, straum- og bølgjekombinasjonen ved Stad gjer havstrekninga til eit spesielt krevjande område langs Norskekysten. Kombinasjonen av havstraumar og undersjøisk topografi skapar spesielt komplekse og uventa bølgjeforhold. Stad skipstunnel vil bety mykje både for sikkerheita til sjøfolka og tryggleiken til dei pårørande.

For næringslivet vil Stad skipstunnel bety m.a. sikre leveransar, mindre ventetid, kortare transporttid og at kvaliteten på råvarer som skal fraktast forbi Stad held seg god. Det er svært mykje næringsrelatert trafikk rundt Stad, m.a. innan fiskeri og havbruk, verftsbransjen/maritim industri, bergverk, reiseliv m.m.

Stad skipstunnel kan bidra til å flytte transport og tungtrafikk vekk frå eit tungt belasta vegnett. Dette vil spare både driftsutgifter og miljø.

Stad ligg i ein region med store mulegheiter innan næringslivet. Dårlege kommunikasjonar på land er ei stor utfordring. Dette gir lite høve til pendling og små bu- og arbeidsmarknader.

Kystverket leverte i 2011 ei konseptvalutgreiing (KVU) av Stad skipstunnel. Kvalitetssikringa (KS1) av KVU-en om Stad skipstunnel vart ferdig i 2012 og gir tilrådingar og føringar for ei forprosjektfase.

I 2014 fekk Kystverket 5 mill. kr. til forundersøkingar om Stad skipstunnel som grunnlag for å gå vidare med prosessen i eit forprosjekt. Kystverket leverte si utgreiing i desember 2014. Forundersøkingane følgjer opp enkelte av føringane/tilrådingane i KS1-rapporten.

I 2014 viste Hurtigbåtforbundet (HRF) til at realiseringa av Stad skipstunnel vil få stor betydning for bu- og arbeidsmarknaden og reisemønsteret i regionen. HRF hevdar at det er ein føresetnad

for endeleg vedtak om realisering av tunnelprosjektet at det vert oppretta gode hurtigbåtruter gjennom tunnelen. HRF viser vidare til at venta hurtigbåttrafikk utgjer den største delen av den samfunnsøkonomiske rekneskapen som vert lagt til grunn for eit vedtak om bygging av skipstunnelen.

HRF peikar på at det mest nærliggande tiltaket når Stad skipstunnel opnar vil vere å forlenge hurtigbåtruta Bergen – Selje fram til Ålesund. Etter ei slik forlenging vil ruta gå mellom to større ytterpunkt (byar) og distansen vil auke fra 130 til 165 nautiske mil. HRF meiner vidare det vil vere naturleg å knytte hurtigbåtruta Florø - Måløy og ruta Ålesund - Hareid til eit framtidig rutesystem i regionen. HRF viser også til at dagens ruter er anbodsrouter der kontraktane går ut i perioden fram til realisering av Stad skipstunnel og at det bør takast omsyn til dette.

Prosjektgruppa for Stad skipstunnel står innspelet frå HRF og ønsket om at fylkeskommunane tek omsyn til den framtidige hurtig-båttrafikken gjennom tunnelen ved planlegging av dei neste anbodsperiodane. Prosjektgruppa ønsker også at Møre og Romsdal fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune planlegg slik at ei hurtigbåtrute er klar til å starte opp samtidig som skipstunnelen opnar.

I Kystverket sine forundersøkingar vart det utarbeidd ein gevinstrealiseringsplan på oppdrag frå Samferdsledepartementet. Prosjektgruppa viser til denne og peikar på at det vert lagt vekt på at dei aktuelle fylkeskommunane bør vedta oppstart av ei hurtigbåtrute gjennom skipstunnelen før det endelige vedtaket om gjennomføring av tunnelprosjektet ligg føre.

I februar 2015 fekk Kystverket i oppdrag frå Samferdsledepartementet å gjennomføre eit forprosjekt i høve Stad skipstunnel. Forprosjektet skal deretter gjennom ekstern kvalitetssikring fase 2 (KS2). I oppdraget vart Kystverket bedt om å utarbeide følgjande:

- Forprosjekt for Stad skipstunnel
- Reguleringsplan for Stad skipstunnel
- Konsekvensutgreiing (KU) for Stad skipstunnel.

Samferdsledepartementet meiner det vil vere naturleg å arbeide vidare med å oppdatere gevinstrealiseringsplanen gjennom forprosjektet, m.a. med omsyn til graden av detaljering og til tilrådingar som følger av KS1. Ved ferdigstilling av forprosjekttet bør det ligge føre ein gevinst-realiseringsplan som er mest mogleg «operasjonell» med omsyn til «gevinstrealiseringstiltak».

I transportetatane sitt framlagde grunnlagsdokument til Nasjonal transportplan 2018–29, lagt fram 29.02.16, er det gitt følgjande status for Stad skipstunnel:

*«KU ble gjennomført i 2010 med ekstern kvalitetssikring i 2012. Prosjektet er utredet i to alternativer, liten og stor tunnel. Planprogrammet er vedtatt desember 2015, og konsekvensutredning gjennomføres i 2016. Prosjektet planlegges videre med utgangspunkt i stor tunnel. Tunnelen blir 1700 meter lang, 49 meter fra bunn til tunneltak og 36 meter mellom tunnelveggene. Tunnelen dimensjoneres for de største hurtigrute-skipene. Trafikkavviklingen planlegges styrt fra en av Kystverkets trafikkcentraler.*

*Investeringskostnaden er estimert til 2 300 mill. kr med 3-4 års byggetid. Prosjektet forventes å redusere ventetid og reisetid på å passere Stad, redusere klimagassutslipp, redusere risikoen for ulykkehendelser og det forventes at hurtigbåtforbindelse blir etablert mellom Bergen og Ålesund. Prosjektet vil gi større forutsigbarhet for godstransport forbi Stad.»*

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Realisering av Stad skipstunnel er viktig for tryggleiken for skipsfarten langs kysten. Fylkestinget (FT) i Sogn og Fjordane har både prioritert Stad skipstunnel gjennom fråsegner til Nasjonal transportplan og vore ein pådrivar for å få realisert prosjektet.

I FT sine fråsegner om Stad skipstunnel ligg det ikkje inne føresetnader om etablering av hurtigbåtsamband mellom Bergen og Ålesund umiddelbart etter opning av tunnelen for trafikk.

Skipstunnelen har ei byggetid på 3-4 år. Det kan vere aktuelt å vurdere ei ev. hurtigbåtrute når byggearbeida for skipstunnelen startar opp. Ei ev. hurtigbåtrute vil då kunne vere på plass når tunnelen opnar.

Kystverket er no i ferd med å fullføre forprosjektet, inkl. ein gevinstrealiseringssplan som er mest mogleg «operasjonell» med omsyn til «gevinstrealiseringstiltak». Forprosjektet skal deretter kvalitetssikrast gjennom ei ekstern kvalitetssikring fase 2 (KS2). Vi kjenner difor ikkje innhaldet i ein slik plan pr. dags dato.

Fylkeskommunen har vore i kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune – både politisk og administrativt - for å samkøyre politisk behandling av spørsmålet om ei ev. hurtigbåtrute gjennom Stad skipstunnel. Førebels har vi ikkje fått tilbakemelding frå nabofylket om saka.

#### Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Etablering av nye hurtigbåtsamband vil vere kostnadskrevjande både for Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal fylkeskommunar. Nye samband vil truleg krevje nye fartøy og vi får auka kostnader både med mannskap og drivstoff på grunn av lang seglingstid mellom Bergen og Ålesund. Økonomiplanen for Sogn og Fjordane for perioden 2016-19 viser at fylkeskommunen har økonomiske utfordringar i åra som kjem.

Etter fylkesrådmannen si vurdering korkje kan eller bør det gjerast bindande vedtak om etablering av nye framtidige hurtigbåt-samband basert på ukjent kostnadsnivå for fylkeskommunen.

### **3. Konklusjon**

Realisering av Stad skipstunnel er viktig for tryggleiken for skipsfarten langs kysten, og er prioritert av fylkestinget gjennom fleire høyringsfråsegrunner.

Fylkeskommunen står framfor store økonomiske utfordringar i åra som kjem. Fylkesrådmannen meiner det ikkje er tilrådeleg å gjere bindande vedtak om etablering av nye framtidige hurtigbåtsamband no. Vi kjenner ikkje kva kostnader som vil følgje av dette.

Spørsmålet om eit ev. nytt hurtigbåtsamband kan vi likevel kome tilbake når byggearbeidet med Stad skipstunnel startar opp. Det vil då vere tid nok til å gjere eit ev. vedtak om å etablere ei hurtigbåtrute og få denne lyst ut på anbod slik at ruta kan starte opp når tunnelen er ferdig og opna for trafikk.